

Fra: Arve Flø (arve_floe@yahoo.no)

Sendt: 19.01.2018 10:24:52

Til: Postmottak Tingvoll kommune

Kopi: ole-einar.jakobsen@fiskeridir.no

Emne: SJØOMRÅDEPLAN NORDMØRE

Vedlegg:

SØKNAD OM UTVIDELSE AV FLERBRUKSOMRÅDE GJERDEVika, BÆRØYA I AURE KOMMUNE. OMRÅDE VKA 04 1576, VKA 48 OG VKA 49

Aure og Tustna Fiskarlag har ikkje fått saken tilsendt, og dette syns vi er meget beklagelig. Dette er ein sak som angår oss i høgste grad. Det er snakk om nokon av dei beste og mest brukte fiskefeltet i Aure Kommune. Fiskeridirektoratet hadde ikkje store innvendingar mot denne saken, dette pga at dei ikkje hadde fått nokon innvendingar fra lokale fiskarlag. Det skulle dei absolutt fått viss Aure og Tustna Fiskarlag hadde fått saken tilsendt. Det blir for tynnt å skynde på at dere har feil email-adresse.

Aure og Tustna Fiskarlag går sterkt imot at desse områda blir omgjort fra fiskefelt for passive redskap til flerbruksområde. Desse områda er meget gode fiskefelt både for teinedrift etter krabbe, hummar kreps og leppefisk, garnfiske, trålfiske etter reke, rusefiske og juksafiske. Dette er også område som er mykje brukt til fritidsfiske. Det er mange fiskebåtar som har godt inntektsgrunnlag fra desse plassane, og kjem det oppdrett her er dette ødelagt.

Den lokaliteten som er på Gjerdevika i dag, 1576 Gjerde, vart da den vart utlagttrekkt så langt aust, etter påtrykk fra fiskarlaget, at Gjerderyggen sku være tilgjengelig for fiskeri. Gjerderyggen ligg vest for lokaliteten som ligg der i dag. Aure og Tustna Fiskarlag håper våre synspunkt i saken blir tatt til etterretning.

Mvh Aure og Tustna Fiskarlag